



Mannsvatnet i vinterdrakt (Foto: Ragnvald Myklebust)

Fottur til Mannsvatnet frå Haugland 22. april er ein av dei mange turane som seniorgruppa i Kvinnherad Turlag lokkar med i programmet for dette året. Liv Kvandal og Johan Hjortås er turleiarar.

2009-programmet til gruppa startar 11. mars med skitur i Fjellhaugen og 25. mars blir det fottur i Valldalen.

6. mai står fottur til Kustølvatnet med start frå Hjelmeland i Omvikdalen på pogrammet og 27. mai er Tysnessåto turmålet.

10. juni skal seniorane til Ravnakulten og Radioholo i Høylandsbygd medan det 22. og 23. juni blir fottur til turisthytta Vending i Fitjadalen.

19. august bli det fottur til Krokadalen i Mauranger og uskedelingen Steinar Kroka er turleiar saman med Kåre Haugse.

Fottur i Fitjarfjella er sett opp den 2. september medan fottur på Haukelifjell med overnatting på Vågslid er lagt til helga frå 14. til 16. september.

30. september bli det fottur til Fønderdalen i Mauranger medan sesongen blir avslutta 14. oktober i Ænesdalen.

Av Ola Matti Mathisen